

Flora kommune – arealdelen til kommuneplanen

Notat til planforum

Vi har innhenta nesten 200 innspel. Desse er samla her:

http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn_Flora/Klient/KlientLogin/KPlan_arealdel_under_arbeid

Passord: kplan1234

Ved å klikke på det enkelte innspel får ein også fram innspels-dokumentet.

1. Vi har samarbeid med Norconsult som skal gjere KU og ROS på alle nye arealformål. Innspela er sortert, og nokre er tatt ut, andre er redusert på bakgrunn av ei fagleg vurdering, før KU.

Vi vil og gjere KU på følgjande områder i dagens plan: LNF1 (tilsvarande LNF spreidd hus, næring) til LNF spreidd hus, hytte, næring. Dette er fleire områder rundt dei ulike bygdesentra i kommunen.

2. Vi ønskjer å avklare korleis vi skal legge inn eksisterande (og ny) akvakultur. I dagens plan er alle anlegg markert som Akvakultur, nokre ligg i FFFN, nokre ligg i FFFNA. Utviklinga har vore stor i oppdrettsnæringa, med større anlegg. I dei områda der Akvakultur-områda ligg i FFFN, har det ved utviding utanfor grensa krevd disp. Der dei ligg i FFFNA har dei unngått dispensasjon.

-Skal vi i ny plan ta heilt bort FFFNA?

-Korleis skal vi legge inn oppdrettsanlegga? Med/utan fortøyningar? Kor store buffersoner?

3. Vi ønsker å få ein oversikt over sjøbuer og naust, og vil gjennomføre ei registrering. Dette skal så legge grunnlag for fornying, bevaring, fortetting, bruksendring. Generelt ønsker vi i eksisterande sjøhus/naustmiljø å vurdere å legge inn byggegrense 0 m for å opne for tiltak på generelt grunnlag.

Dette må følgast opp med konkrete føresegner for dei enkelte områder som konkretiserer kva som skal vere lov. Målet må vere at grunneigarar skal sjå mulighet og verdi i å ta vare på/ ta i bruk igjen/bruke på annan måte sjøhusa, slik at desse skal bli levande igjen.

4. Kystvegtrase

Vi ønskjer å legge inn ein framtidig kystvegtrase i planen. Tanken er å køyre eigen KU-prosess på det, og så legge inn traseen i planen. Kan vi gjere det på denne måten? Alternativet er å køyre det som eigen kommunedelplan.